

## D I R E K T I V   K O N T I N G E N T E N

(Erstatter direktiv fra mars 1980)  
-----

Det nye kontingentsystemet skal innføres fra og med 2. termin 1982 , dvs. fra og med 1.mai 1982.

På bakgrunn av de erfaringene som gjøres med det nye systemet, skal det revideres 1.mai 1983.

I behandlingen av det nye kontingentsystemet gjorde SK dette vedtaket:

"SK vedtar å innføre nytt kontingentsystem i partiet basert på en prosentsats av brutto lønn. Prosenttrekk må oppfattes som minstesats. Partiledelsen må drive systematisk arbeid for å mobilisere partikamerater som har økonomisk evne til å betale mer. Ingen medlemmer bør gå ned i kontingent som følge av det nye kontingentsystemet"

1) Kven skal betale kontingent ?

Ifølge § 1 og § 4 i vedtektene skal alle medlemmer/kandidatmedlemmer betale medlemskontingent til partiet.

Medlemmer som blir overført til ny avdeling , skal betale kontingent til den avdelingen han/ho flytter fra ut den månaden overføringa skjer. Det må først på overføringsmeldinga til kameraten kva for ein måned kameraten har betalt kontingent fram til ( eks. t.o.m. mai 82 ) . Kassereren i den nye avdelingen er ansvarlig for å kontrollere dette ved overføring.

2) Når skal kontingenten betalast ?

Kontingenten frå avdelingen skal betalast kvar 4.mnd.frå 1.1. Kontingenten skal vera klar til vidareending frå avdelingen til DS (evt SK) ved terminens slutt. Styrat i partiavdelingen er politisk og organisatorisk ansvarleg for at kontingenten frå medlem er krevd inn ved slutten av terminen.

3) Kva er medlemskontingenten ?

3.1: Minstesatsen er sett til 35 kr pr. måned. Den gjeld for husmødre , trygda, studenter, skoleelevar, soldater, arbeids-lause over lengre tid.



- 3 -

3.3: Grunnlaget for kontingenten er brutto månedslønn, medrekna alle faste tillegg som skifttillegg ,helgedagstillegg ol , men ikkje medrekna overtid.

For arbeidarar med store variasjonar i månedsløna pga særskilt arbeidssyklus , må det reknast ut gjennomsnittleg månedsløn på grunnlag av ein lengre periode.

3.4: Regulering av kontingenten.

Kontingenten må regulerast ved større varige endringar i lønna . t.d. tariffoppgjer og justeringer , stillingsendringar osv.

3.5. Kontingenten for sjølstendig næringsdrivande vert fastsett på grunnlag av likningsoppgåva for året som er gått. Kontingenten skal minimum betales på grunnlag av næringsinntekt. For mange sjølstendig næringsdrivande vil netto næringsinntekt gi ein for låg, kontingent. Dette må vurderast konkret i dei laga det gjeld.

#### 4) Kven krev inn kontingenten ?

Partiavdelingsstyra skal krevja inn kontingenten frå sine medlemmer/kandidatmedlemmer.

Innbetalinga bør skje kvar månad for at kontingenten ikkje skal hopa seg opp til ein stor sùm ved kvar innsending , og i starten på kvar månad, slik at avdelingsstyra kan overhalde frister for innsending.

Distriktsstyret eller sentralkomiteen krev inn kontingenten samla frå dei einskilte partiavdelingane. Deretter skal kontingenten vidare til sentralkomiteen etter ein særskild instruks.

#### 4.1: Partiavdelingsskatt.

Partiavdelingsskatten kan utgjera inntil 10 % av den totale kontingentsummen og skal gå til drift av avdelinga. DS kan gje dispensasjon frå dette inntil 20 % etter søknad. Ut over dette kan SK gje dispensasjon.

Avdelinga bør fastsette trekkprosenten sin etter eit framlagt budsjett , slik at avdelinga ikkje trekk meir enn det som er naudsynt for avdelinga si drift og slik at han kan regulerast om kontingenten aukar eller minskar.

Ut over dette har avdelinga høve til å samla inn pengar blant sine medlemmer til særskilte formål.

Dersom avdelinga legg seg opp overskot som ikkje inngår i ei planlagt investering e.l. bør avdelinga gje løyvingar til andre organ i partiet.

Overordna organ har høve til å peike på overfor avdelinga at trekkprosenten t.d. er for høg.

#### 4.2: Kven kan pålegge kontingent ?

Utover den obligatoriske kontingenten til sentralkomiteen er andre innbetalningar til partiet frivillige.

Det er berre sentralkomiteen som kan pålegge medlemmene kontingent.

#### 5) Kan medlemskontingenten avvikast ?

Det må i særskilte høve kunne gjevast dispensasjon frå satsane.

a) I dei tilfella der det nye kontingentsystemet vil verke åpenbart urimeleg og urettferdig, kan medlemmen få minka eller auka kontingenten i høve til den satsen som gjeld.

b) Dersom laget til saman betaler mindre enn det etter satsane skal gjera , skal det søke om godkjenning til DS.

#### 5.1: Kan innbetalinga utsetjast ?

Det er i strid med vedtektene ikkje å betale kontingent. Utsetting av innbetalingane skal derfor ikkje skje . Normalt har ei avdeling ikkje høve til å søkje om utsetting med betalinga. Dersom ei avdeling har ein sær sars vanskeleg økonomi , skal dei ikkje halde attende kontingenten , men be distriktsstyret eller sentralkomiteen om hjelp.

#### 5.2: Kontingent for partimedlem/kandidatmedlem som og er medlem i Raud Ungdom eller NKS.

Medlem/kandidatmedlem som og er medlem i Raud Ungdom eller NKS kan ikkje avvike frå kontingentføresegna i partiet. Som medlem/kandidatmedlem i partiet bør dei i partiet sine ungdomsorganisasjonar gå føre som eit døme i økonomiarbeidet,. Dei bør difor betale høgste sats , eller så mykje som mulig, i ungdomsforbundet. Som ein regel skal dei betale kontingent i dei to organisasjonane slik at summen vert lik det medlemmet skulle betale til partiet etter kontingentreglane til partiet. Dobbeltmedlemmer skal minimum betale minstebeløpet ( 35 kr) i kontingent til partiet.

#### 6) Rapportplikt.

Partiavdelingane skal halde orden i kontingentinnkrevjinga. Dei skal overfor distriktsstyret og sentralkomiteen kunne dokumentera at det beløpet som er innbetalt er rett. I tillegg treng både distriktsstyret og sentrale organ eit oversyn over kor stor kontingentinngangen er og korleis kontingente~~n~~ fordeler seg på dei ein-skilde medlemmene , for å kunne budsjettera partiet si drift og planlegge det økonomiske arbeidet i partiet . Partiavdelingane skal bruke dei utsendte rapportskjemaene og gje alle dei opplysning-

- 5 -

ane som vert kravde. Rapportane skal leverast inn saman med kontingenten til distriktsstyret eller sentralkomiteen i rett tid.

Kasseraren i partiavdelinga må skaffe seg eit kontrollsystem som gjev oversyn over kontingentinnkrevjinga frå medlem/kandidat-medlem og kunne dokumentera overfor avdelinga at den innkravde summen er innbetalt til distriktsstyret eller sentralkomiteen. Kasserer i distriktsstyret skal sende kvitteringsslippen nederst på rapportskjemaet attende til avdelinga ved første høve .

Mars 1982

Sentralkomiteens arbeidsutvalg